



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Landbruksavdelinga

Vår ref.: 2005/8554
Arkivnr.: 530

Dykkar ref:
Vår dato: 3.10.2005

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 01215	Doknr.: 70
Mottatt: 5 OKT 2005	ASK/ASKL
Saksben.: IEK	Ark.: 482
Kopi:	Avskr.:

Høyring - forskrift om berekraftig skogbruk

Vi viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet, datert 15.07.2005, der fylkesmannen blir bedden om å komme med merknader og innspel til ny "Forskrift om berekraftig skogbruk".

Generelt

Namnsetting

Forskrifta omhandlar tre tema: miljøomsyn, forynging av skog etter hogst og skogens helsetilstand. Berekraftig skogbruk brukast som kjent i ein langt vidare samanheng enn dette, og det er difor uheldig i ei forskrift i vesentleg grad å innskrenka innhaldet i dette uttrykket. Det bør difor lagast ein tittel som berre omfattar dei tre tema forskrifta tek opp.

Presisjonsnivå

Det er ei stor utfordring å laga ei forskrift som høver for alle delar av landet og som samstundes verken er for omfattande eller for generell. Vi meiner forslaget stort sett er passe presist, men vi meiner det bør vurderast å gi Fylkesmannen fullmakt til nærare definerte regionale tilpassingar.

Fagtermar

Departementet ber om innspel på behovet for nærare føresegner med definisjonar av faguttrykk. Forvaltningspersonell i kommunar og på regionalt nivå må ha kompetanse innan skogbruk og naturmiljø for å gjera ein kvalitativt akseptabel jobb. Fylkesmannen ser difor ikkje behov for ytterlegare definisjonar av fagterminologien i forskrifta.

Kap.1

Viss forskrifta skal omhandla *berekraftig skogbruk*, må formålsparagrafen, eller nær etterfølgjande paragrafar, definera kva som ligg i dette omgrepet.

Forskrifta er føreslått å gjelda all skog og skogmark. Vi er i prinsippet samde i dette, men meiner likevel det bør gjerast unntak for plikt til forynging på visse areal lagt ut til andre formål etter plan- og bygningsloven.

I eit husdyrfylke som Rogaland vil kommunen også kunna få vanskelege avvegingar der grunneigar hevdar å vilja bruka arealet til beite, sjølv om beiting synest å vera fråverande. I område der skogbruk som næring har låg status i høve til jordbruk, vil

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

truleg reglane om foryngingsplikt ha liten verdi dersom departementet ikkje avklarar korleis slike situasjonar skal handterast.

Kap. 2 Miljøomsyn

§2-1

Ingen merknader.

§2-2

Første avsnittet er uheldig utforma. Det er sjeldan miljøomsyn som er grunnlaget for ("ligg til grunn for") tiltak i skogen. Tiltak i skogen er som regel alltid tufta på å hente ut inntekter og gjere nye investeringar for å auka verdiskapinga.

Andre avsnittet har to setningar som dels er motstridande. Først står det at "kan normalt berre skje"; andre setning har ingen andre restriksjonar enn prinsippa i Levande Skog-standardane. Det er med andre ord ikkje sant at "hogst kan normalt berre skje". Altså bør også dette avsnittet skrivast om. For store delar av skogareala langs kysten, spesielt lauvskogareala, kan vi med dagens tilskotssystem ikkje rekna med at miljøregistreringar vil bli gjennomført.

Slik vi tolkar det eigentlege innhaldet i paragrafen, har vi ingen vesentlege innvendingar. Merknadene går altså mest på formuleringar.

§2-3

Vi er godt nøgde med at innhaldet i forskrifta er i samsvar med Levande Skog sine standardar. Utgangspunktet for forvaltninga og næringa er difor tilnærma likt. Det er vidare positivt at med forskrifta fangast alle tiltak i skog opp uavhengig av sertifisering. Dette bør medføra at miljøomsyna i skogbruket blir styrka.

Kap. 3 Forynging etter hogst

Fylkesmannen sluttar seg i hovudsak til føresegnene om forynging etter hogst. Det er viktig å slå fast i forskriftsform det ansvaret skogeigaren har for å forynga etter hogst.

§3-2

For Rogaland meiner vi at kravet om forynging innan tre år bør vera akseptabelt i dei aller fleste tilfelle. Men generelt meiner vi forskrifta på dette punktet tek for lite omsyn til dei store skilnader i bonitet og driftsøkonomi som finst rundt i landet.

§3-3

Dette er ein viktig paragraf med tanke på verdiskaping. Samstundes er dette eit vanskeleg tema i ei forskrift som skal dekke heile landet.

Sjølv med ein bonitetsinndelt tabell som forslaget, blir retningslinjene ganske utflytande. Det er t.d. same krav til G26 i flatt terreng ved bilveg som til G20 i taubaneterreng 3 km frå bilveg. Her er potensiale for verdiskaping veldig forskjellig. Vi vil likevel ikkje i noko tilfelle rå til reduserte krav til forynging i høve til føreslått tabell. Det er fagleg grunnlag for å seia at på dei høgast produserande areala skal det vera minst sprik mellom optimal tettleik og minste lovlege tettleik.

Vi er noko forundra over at kravet om lauvinnblanding står i denne paragrafen. Dette er først og fremst eit miljøkrav. Særleg for Vestlandet er kostnaden med

lauvinnblanding stor. Med eit krav om 10% lauvinnblanding går gjerne verdiskapinga ned med 7-8%. Vi vil difor føreslå at dette kravet blir plassert under kap. 2.

Paragrafen synest å operera med to uttrykk: "forynging" og "etablert forynging". Her kjem manglande krav og retningslinjer i forskrifta om skjøtsel klart til syne. Særleg på dei beste bonitetane vil anna vegetasjon kunna fortregja det valde treslaget, slik at den etablerte forynginga på langt nær er tilfredstillande. Dette kan berre i liten grad førebyggjast med auka plantetal under forynginga.

Ved praktisering av denne paragrafen vil det raskt bli behov for nærare definisjon av kva som er "tilfredstillande forynging" og kva som er "treslag som naturleg høyrer heime i området". Viss ikkje forskrifta gir heimel til å påleggja forynging med treslag som gir verdiskapingspotensiale, er denne paragrafen heilt utan verdi for delar av landet. Dei aller fleste hogstflater (både etter gran-, furu- og lauvhogst) i vårt fylke gror raskt til med diverse lauvtreslag utan menneskeleg innsats. Men verdiskapinga er minimal i høve til andre treslag.


Fylkesmannen meiner at det normalt bør krevjast treslagval som vil gi ein like stor, eller større, verdiproduksjon i framtidsbestandet som det var i det avverka bestandet. Det vil ikkje vera forsvarleg å ha krav om forynging dersom forynginga ikkje tek sikte på ei positiv verdiskaping.

Kap. 4 Tiltak mot skadar på skog

Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til det som er tatt inn under kap. 4. Men vi meiner eit viktig område er utegløymt. Skadar grunna hjortevilt har i vår del av landet auka dramatisk siste åra. I enkelte område og kommunar er no skadane så store at det har lite for seg å ha krav om forynging av skog etter hogst. Ei forskrift om berekraftig skogbruk bør difor ha reglar om korleis slike skadar skal handterast.

Utover dette har vi ingen merknader.

Med helsing
Fylkesmannens landbruksavdeling


Jon Ola Syrstad
landbruksdirektør


Lars Slåttå
fylkesskogsjef

Saksbehandlar: Stein Bomo
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 72
E-post: stein.bomo@fmro.no